

**Fra:** Tor Harald Rødseth (Tor.Harald.Rodseth@hfk.no)  
**Sendt:** 09.11.2015 21:45:28  
**Til:** ledelse@taxi1.no - Robert Aasmul (ledelse@taxi1.no)  
**Kopi:**

**Emne:** Vedkjem klage på avslag på innsyn

**Vedlegg:** Journalpost\_7\_VS\_\_Søknad\_om\_tilleggstrasé\_-\_spørsmål\_om\_offentlighet  
[1].pdf;Journalpost\_7Søknad\_om\_tilleggstrasé[1].pdf;Journalpost\_9Søknad\_om\_tilleggstrasé[1].pdf  
Til Taxi 1 AS  
ledelse@taxi1.no

## Vedkjem klage på avslag på innsyn

Vi viser til dykkar brev av 03.11.15 med klage på avslag på dokumentinnsyn.

Vi har etter ei heilskapleg vurdering vedteke å ta klagen dykkar delvis til følgje. Grunngevinga for dette er at vi finn at omsynet til offentlig innsyn vegtyngre enn behovet for unntak, jf offentleglova § 11. Vi vil sende over kopi av dei aktuelle dokumenta i morgon.

Vi har i vurderinga vedteke å oppretthalde avslag på innsyn i vedlegg til dokument 27 i saka, som er ein skatteattest, og ei setning i dokumentet «Søknad om tilleggstrasé Flybussen haust 2015» som følgjer journalpost 7, 9, 12 og 13 i saka. Denne setninga er sladda. Grunngevinga for avslaget på innsyn i dokument 27 og ein del av dokument 7, 9, 12 og 13 er at opplysningane etter offentleglova § 13 er underlagt tystnad, jf forvaltningslova § 13.2 ledd. Desse dokumenta med vedlegg følgjer vedlagt i separat i denne og ei snøgt etterfølgjande post..

Ved innsyn i dei aktuelle dokumenta, er kravet om oppsetjande verknad ikkje lenger aktuelt. Rettslig sett er elles oppsetjande verknad i forvaltningssaker den avgjerd som vert treft av underinstansen, klageinstansen eller anna overordna organ om at vedtak ikkje skal setjast i verk før klagefristen er ute eller klagen er avgjort, jf forvaltningsloven § 42. Når det gjeld spørsmålet om korvidt Tide Buss AS sin søknad skal godkjennast, er det i alle høve ikkje spørsmål om å gje oppsetjande verknad på dette tidspunkt. Det vil først kunne bli aktuelt dersom fylkesutvalet skulle gjere eit vedtak som blei påklaga.

*Vi minner om at elektronisk korrespondanse, som etter offentleglova § 4 må reknast som saksdokument for fylkeskommunen, vert registrert i fylkeskommunen sin journal dersom den er gjenstand for saksbehandling og har verdi som dokumentasjon. Slik elektronisk korrespondanse er som hovudregel open for innsyn for alle.*

**Tor Harald Rødseth**  
Seniorrådgjevar  
Samferdselsavdelinga | Forvaltningsseksjonen

[hfklogo-epost3](#)

Tlf: 55 23 93 53  
[www.hordaland.no](http://www.hordaland.no)